

Baggar med fotballdrakter vert etterlyst.

19.08.2014

Mellom kl. 11 laurdag kveld og søndag føremiddag forsvann 2 baggar med fotballdrakter som stod utanfor Kvinnherad Vekstbedrift AS. No vert desse etterlyst, og vi håpar at einkvan har observert noko i samband med forsvinninga.

Fotballdraktene tilhører Idrettslaget Trio, og dei vart sett ut seint om kvelden då dei skulle hentast søndag føremiddag.

Anne Karin Myhre ved Kvinnherad Vekstbedrift AS ber om at dei som har sett noko i saka, tar kontakt på tlf. 53 47 55 07.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.